



**Referansar:** KR 69/15, KR 70/15, SKR 34/15, MKR 33/15, KM 71/15, KR 61/16

**Arkivsak:** 15/3822 - 28 (16/36980)

**Saksdokumenter:**

<b>Tittel</b>	<b>Dok. ID</b>
Årsplan for dei sentralkyrkjelege råd 2017	1531271
Risikovurdering 2017	1531272
Visjonsdokument for Den norske kirke 2015-2018	1531330
Resultatmål	1531331

## Årsplan 2017 for dei sentralkyrkjelege råd

### Samandrag

Årsplan for dei sentralkyrkjelege råd er utarbeidd med grunnlag i Kyrkjemøtet sine føringar og forslag til budsjett for 2017, KR-sak 61/16. Risiko-vurderinga for Kyrkjerådet ligg også til grunn for prioriteringar i årsplanen.

Forslag til årsplan som ligg ved denne saka følgjer den same inndelinga som årsplanen som Kyrkjerådet vedtok for 2016 (KR-sak 71/15). Dei fire fyrste punkta er henta direkte frå Kyrkjemøtet sitt Visjonsdokument 2015-2018 (KM-sak 07/14):

1. Gudstenestelivet blomstrar
2. Fleire søker dåp og trusopplæring
3. Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet
4. Fleire får lyst til å arbeide i kyrkja
5. Gjennomføre forvaltningsreformen
6. Den globale kyrkja sin einskap blir gjort synleg i felles vitnesbyrd og oppdrag i verda

I planen er det utarbeidd fleire resultatmål innanfor kvart hovudmål. Planen omfattar berre det som er verksemda til det som i dag er Kyrkjerådet, Samisk kyrkjeråd og Mellomkyrkjeleg råd slik som tidlegare. Den omfattar ikkje plan for heile rettssubjektet Den norske kyrkja då det fyrst trer i kraft frå 1.1.2017. For seinare år er det naturleg å leggje fram plan/planar for heile rettssubjektet. Tidlegare år har planen vore meir omfattande fordi den har omhandla driftsoppgåver, utviklingsoppgåver og innovasjon. For 2017 syner planen meir reindyrka utviklingsoppgåver eller heilt særskilte oppgåver samt innovasjon eller nyskaping. Driftsoppgåvene som ikkje blir endra, fortsett som tidlegare utan at det er omtala i planen.

## **Framlegg til vedtak**

1. Kyrkjerådet vedtek forslag til årsplan for dei sentralkyrkjelege råd sitt arbeid i 2017 med dei endringar som framkjem i møtet.
2. Dersom dei økonomiske rammene tillet strategiske satsingar ut over årsplanen, gjev Kyrkjerådet fullmakt til direktøren å auke planomfanget for dei sentralkyrkjelege råd i tråd med forslag til budsjett 2017 i sak KR 61/16.

## Saksorientering

Dei sentralkyrkjelege råd består av Samisk kyrkjeråd, Mellomkyrkjeleg råd og Kyrkjerådet.

Samisk kyrkjeråd har som hovudoppgåve å fremme, verne og samordne samisk kyrkjelig i Den norske kyrkje.

Mellomkyrkjeleg råd er Kyrkjemøtet sitt organ for økumeniske og internasjonale spørsmål.

I utdrag av § 25 i Kirkeloven (Endringslov til kirkeloven) er noko av Kyrkjerådet sitt virke omhandla slik:

*«Kirkerådet forbereder de saker som skal behandles av Kirkemøtet og iverksetter Kirkemøtets beslutninger. Kirkerådet leder kirkens arbeid på nasjonalt nivå. Kirkerådet har ansvaret for at økonomiforvaltningen og økonomistyringen av de midlene som Kirkemøtet disponerer, er forsvarlig. Kirkerådet fastsetter regnskapet.»*

Slik er det Kyrkjerådet som både førebur og set i verk Kyrkjemøtet sine avgjerder, og Kyrkjerådet leier også arbeidet mellom Kyrkjemøtet sine samlingar. Kyrkjemøte-relaterte saker er ein vesentleg del av Årsplanen. Frå 2017 overtek Kyrkjerådet funksjonar for å forvalte både arbeidsgiveri og økonomi for heile rettssubjektet, roller som Kulturdepartementet ivaretek ut 2016.

Kyrkjerådet skal også følgje opp krava som Kulturdepartementet gjev i sitt tilskotsbrev for det statlege tilskotet til rettssubjektet Den norske kyrkje, som Justisdepartementet gjev i sitt tilskotsbrev for Svalbard kyrkje og krav frå andre som yter tilskot til rettssubjektet Den norske kyrkje. Tilskotsbrev er enno ikkje klart. Innanfor dagens statlege verksemd inneber dette å arbeide i samsvar med det statlege økonomireglementet og dei stiller krav til verksemdstyring. Dette omhandlar:

- Mål og resultatstyring
- Påliteleg reknskapsrapportering og økonomiforvaltning
- Følgje lover og reglar

Sjølv om Kyrkjerådet opphøyrer som statleg forvaltningsorgan frå 1. januar 2017, er tre hovudfunksjonar vidareførde i tillegg til det som lova omhandlar på arbeidsgiveri og økonomi. Dette er roller og funksjonar Kyrkjerådet fyller samarbeid med bispedømeråda og vil gjere det i enno større grad når verksemdene er samla i eitt rettssubjekt.:

### Strategiorgan

Utvikle haldningar og idear og samordne prioriteringar og innsatsområde i forhold til breidda blant kyrkja sine medlem og innan kyrkjelydsarbeidet.

### Samordningsorgan

Bidra til tenleg fordeling av ansvar og oppgåver mellom instansar som har eit arbeid retta mot kyrkjelydane på vegne av kyrkja vår.

### Service- og kompetanseorgan

Drive service, utgreiings- og informasjonsarbeid overfor kyrkjelege tilsette, organ, offentlege myndigheiter, massemedia m.m.

Regjeringa vil (politisk plattform Sundvollen 16.10.2013, pkt 7):

- *Utarbeide en helhetlig lov om tros- og livssynssamfunn.*
- *Sikre at den indre selvbestemmelsesretten skal være reell i alle tros- og livssynssamfunn.*
- *Videreføre støtten til trosopplæring i Den norske kirke.*
- *Basere de økonomiske tilskuddene til tros- og livssynssamfunn på prinsippet om likebehandling. Staten skal ikke kunne bruke økonomiske virkemidler for å styre lovlig aktivitet i regi av tros- og livssynssamfunn.*
- *Fjerne boplikt for prester i Den norske kirke.*

Regjeringa har varsla høyring på St.prp. om ei heilheitleg lov om trus- og livssynssamfunn sumaren 2017.

Regjeringa vidarefører måla for Den norske kyrkja sitt virke i St.prp. 1 2016-2017 på same måte som tidlegare år:

*Bevilgningene under kapitlet skal støtte opp under Den norske kirke som folkekirke, i samsvar med Grunnloven § 16. Fra dette er utledet følgende mål:*

- *Den norske kirke skal være en landsdekkende, lokalt forankret kirke.*
- *Den norske kirke skal ha en oppslutning som bekrefter dens karakter som folkekirke.*
- *Den norske kirke skal formidle evangelisk-luthersk tro og tradisjon og tilby trosopplæring til alle dømte barn.*
- *Den norske kirke skal være organisert i samsvar med demokratiske prinsipper og verdier.*

*Målene er retningsgivende for anvendelsen av bevilgningene.*

Det følgjer av eigenarten til Den norske kyrkje som trussamfunn at det er Kyrkjemøtet og råda som på sjølvstendig grunnlag må fastsette mål og strategiar for kyrkja sitt virke. Dette blir tydeleggjort når stat og kyrkje skiller lag frå 01.01.2017, og Staten sitt ansvar blir då i fyrste rekke knytt til dei rettslege og økonomiske rammevilkåra for kyrkja.

Med bakgrunn i avgrensa personal- og økonomiressursar står Kyrkjerådet overfor utfordringa med å definere klare prioriteringar når ein skal planlegge og gjennomføre verksemda innafor dei ulike fagområda. Planen inneheld difor ei stram prioritering over det som er planlagt gjennomført av utviklings- og innovasjonsoppgåver i 2017.

Alle verksemdar som mottek statlege tilskot har eit samfunnsoppdrag dei skal levere. Den norske kyrkja er med sine 3,8 millionar medlem det største trussamfunnet i Noreg. Etter grunnlovsendingane i 2012 om statskyrkjeordninga står det no i § 16 i Grunnlova: «Den norske kyrkja, ei evangelisk-luthersk kyrkje, står ved lag som den norske folkekyrkja og blir stødd som det av staten.» § 16 i Grunnlova forpliktar både staten og Den norske kyrkja.

Det er eit mål å utnytte ressursane best mogleg. Det skjer ved å arbeide målretta og ved å være til for dei som nyttar kyrkja: kyrkjelydar og medlem i Den norske kyrkje. Dette er ofte vanskeleg å måle utan å utføre omfattande brukarundersøkingar.

Risiko-styring bidreg til å prioritere aktivitetar som er definert som meir kritiske for verksemda enn andre. Risiko-vurderinga for den del av drifta som dei sentralkyrkjelege råd har ansvaret for, ligg difor til grunn for prioriteringar av enkelte område i årsplanen. Risiko-vurderinga er utarbeidd over same mal som øvrige risiko-vurderingar i dei sentralkyrkjelege råd der sannsynlegheit for at ein risiko oppstår og konsekvensen dersom den oppstår er vurdert på ein skala frå 1 til 5. Det gjev ei risikomatrise med høgaste score 25 og lågaste score 1. Risikomatrisa for dei sentralkyrkjelege råd er illustrert nedanfor:

Figur 1: risikomatrise for dei sentralkyrkjelege råd

Svær sannsynlig	5	10	15	20	25
Meget sannsynlig	4	8	12	16	20
Sannsynlig	3	6	9	12	15
Lite sannsynlig	2	4	6	8	10
Svært lite sannsynlig	1	2	3	4	5
	Ubetydelig	Mindre alvorlig	Alvorlig	Kritisk	Katastrofal

Av 33 identifiserte risiki, er fire definert med score 20-25 og har raud farge. Dette er følgende risiki henta ordrett frå risiko-vurderinga som er vedlagt:

- *Gudstjenestelivet blomstrer ikke. Visjonsdokumentet vil vekst. Alle tall er negative.*
- *Rekrutteringskrise fortsetter og øker i omfang.*
- *Målrettet spredning av personinformasjon fra medlemsregisteret. Uautorisert spredning kan skyldes uforsvarlig behandling av personopplysninger, men kan også skje i vinningsøyemed. De som står for spredning i vinningsøyemed, vil ha en interesse av å holde aktiviteten skjult. Slik aktivitet kan enten skje ved at uvedkommende skaffer seg tilgang til registeret, eller at autoriserte brukere misbruker sin tilgang i vinnings hensikt.*
- *Manglende budsjettmidler ift uforutsette med påkrevde endringer/justeringer/oppgraderinger ifm IKT.*

## Vurderingar

KR vedtok i sak 42/14 resultatmål, nøkkelindikatorar og datagrunnlag for dei fire strategiske måla:

1. Gudstenestelivet blomstrar
2. Fleire søker dåp og trusopplæring

3. Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet
4. Fleire får lyst til å arbeide i kyrkja

Då Kyrkjerådet vedtok resultatmål på desse strategiske måla, vart det vedteke at desse skulle supplerast med andre nasjonale, regionale og lokale mål. Planen vart i 2015 difor supplert med to nye hovudmål for å synleggjera arbeidet med å skille kyrkja frå staten og arbeidet utanfor Noregs grenser (etter forslag frå Mellomkyrkjeleg råd):

5. Gjennomføre forvaltningsreformen
6. Den globale kyrkja sin einskap blir gjort synleg i felles vitnesbyrd og oppdrag i verda

Punkt 5. «Gjennomføre forvaltningsreformen» omhandlar ikkje berre dei områda som omhandlar nye felt innanfor arbeidsgiveri og økonomi, men tek også opp i seg områda knytt til medlemsregister og kyrkjeordning inkludert det kyrkjelege demokratiet som ein del av det dei sentralkyrkjelege råd forvaltar på vegne av fellesskapet.

I planen er det utarbeidd fleire resultatmål innanfor kvart hovudmål. Planen omfattar berre det som er verksemda til det som i dag er Kyrkjerådet, Samisk kyrkjeråd og Mellomkyrkjeleg råd slik som tidlegare. Den omfattar ikkje plan for heile rettssubjektet Den norske kyrkje då det fyrst trer i kraft frå 1.1.2017. For seinare år er det naturleg å leggje fram plan/planar for heile rettssubjektet. Tidlegare år har planen vore meir omfattande fordi den har omhandla driftsoppgåver, utviklingsoppgåver og innovasjon. Driftsoppgåvene er ikkje omhandla i forslag til årsplan for 2017 då driftsoppgåver er oppgåver ein må gjennomføre om lag likt frå år til år. Eksempel på dette er utbetaling av løn, fakturahandsaming, publisering av nyhende på internett, gjennomføring og deltaking på av årlege eller javnlege møte og konferansar. I forslag til årsplan for 2017 er det fokus på utviklingsoppgåver, med andre ord oppgåver som gjer at vi utviklar og betrar drifta, samt på innovasjon eller nyskaping og nybrottsarbeid. Dei økonomiske rammene for 2017 slik dei er lagt i forslag til Statsbudsjett for 2017, er så stramme at ein ikkje kan vente å vidareføre verksemda på 2016-nivå. Men det er likevel venta å vera økonomisk handlerom til å gjennomføre forslag til årsplan for 2017. For enkelte område syner årsplanen ein minimumsaktivitet på utvikling/innovasjon innanfor ramma. Medan dei kjem att i lista over emne som kan prioriterast ved auka økonomiske rammer, og då naturleg vil få auka innsats også i ein revidert årsplan.

Kyrkjerådet har ansvaret både for drifta av det som kjem heile rettssubjektet til gode som felles IKT-løysingar, revisjon, lønn-, personal- og reknskapssystem, pensjonspremie, midlar til lønnsoppgjer osv. Det meste av dette er nye oppgåver som følgje av utskilling frå Staten. Planen omfattar ikkje desse oppgåvene, men dei er innarbeidde i budsjett for 2017. Ei samla liste over oppgåver og kostnadsestimat er lagt fram i sak 61/16 «Budsjett 2017».

Heile forslag til årsplan er lagt ved som vedlegg. Nokre hovudtema innanfor kvart strategimål er likevel samla her for å gje ei kort oversikt:

1. Gudstenestelivet blomstrar

Resultatmåla her er knytt til gudstenestedeltaking; salmar, kyrkjemusikk, scenekunst og liturgiar som opplevast som relevante og trusstyrkande for gudstenestedeltakarane i alle aldrar både i norsk og samisk språkdrakt; særskild fokus på liturgiar for par som blir vigde eller ber om forbøn; for 2017 er reformasjonsjubileet eit viktig element under dette strategimålet. Markering av reformasjonsjubileet er eit viktig tiltak for å synleggjera kristen (og meir spesifikt luthersk) tru og tradisjon i det norske samfunnet.

## 2. Fleire søker dåp og trusopplæring

Resultatmåla her er knytt både til merksemd og kompetanse om dåp og trusopplæring hjå kyrkja sine tilsette og styrande organ, og til forma og språkdraktene for dåp, konfirmasjon og for trusopplæring spesielt for born og unge vaksne. Særskilt arbeid knytt til samisk kyrkjeliv er både eit tverrgående tema, men det har også egne resultatmål der det er naudsynt.

## 3. Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet

Resultatmåla her syner fokus på kyrkja sitt diakonale fotavtrykk med kyrkje-helse som eitt viktig element, og trus- og religionsfridom, flykningar og migrantar, møte med kyrkjeframande, kjønn- og likestilling, klima og bærekraft som andre element med særskild fokus i 2017. Kyrkja sitt misjonsoppdrag, det profesjonelle bidrag til læring i skular og barnehagar som kyrkja kan bidra med og religionsdialog er andre viktige område som er lyfta fram i årsplanen for 2017.

## 4. Fleire får lyst til å arbeide i kyrkja

Rekruttering til kyrkjelege stillingar og til vigsla teneste spesielt har vore lyfta fram som eitt av dei store utfordringane for Den norske kyrkja. Resultatmåla her omhandlar både rekruttering til kyrkjelege utdanningar og kyrkja som ein attraktiv arbeidsplass. Satsing på dette feltet krev økonomiske rammer langt ut over det budsjettet gjev rom for i dag, og planen syner difor ein minimumsinnsats. Dette er lyfta fram som det største av strategiske satsingsområde gitt ekstra finansiering.

## 5. Gjennomføre forvaltningsreformen

Dette punktet omhandlar ikkje berre dei områda som omhandlar nye felt innanfor arbeidsgiveri og økonomi, men også det som er knytt til utvikling av kyrkjedemokratiet, medlemsregister og kyrkjeordning som ein del av det dei sentralkyrkjelege råd forvaltar på vegne av fellesskapet.

## 6. Den globale kyrkja sin einskap blir gjort synleg i felles vitnesbyrd og oppdrag i verda

Resultatmåla her er knytt til økumenisk arbeid i Norge, i Norden, i Europa og globalt. Dette omhandlar også samisk økumenisk arbeid.

Kyrkjerådet er det organ som har det økonomiske ansvar for den samla verksemda og fattar difor vedtak om ein samla årsplan. Mellomkyrkjeleg råd og Samisk kyrkjeråd har fagleg sjølvstendig ansvar for å fastsette planar innanfor sine ansvarsområde i tråd med dei rammer Kyrkjerådet vedtek. Men årsplanen omhandlar verksemda for dei to avdelingane i Kyrkjerådet som har ansvar for desse råda: Avdeling for samisk kyrkjeliv og Avdeling og økumenikk og internasjonale relasjonar.

### **Behandling av planen i Mellomkyrkjeleg Råd og Samisk kyrkjeråd**

Mellomkyrkjeleg Råd og Samisk kyrkjeråd har ikkje forvaltnings- og økonomiansvar i same grad som Kyrkjerådet. Dei er baa oppretta som fagorgan. Deira mandat inneber at verksemda i større grad er prega av eksterne relasjonar. Dei vedtek sine planar innanfor gitte planar og budsjett frå Kyrkjerådet.

Rådsbehandling skjer i møta i Mellomkyrkjeleg Råd og Samisk kyrkjeråd i november.

## **Økonomiske/administrative konsekvensar**

Planen med tilhøyrande tiltak er utarbeidd innanfor dei økonomiske rammene Kyrkjerådet vedtek i budsjett for 2017, jf. KR 61/16. Eventuelle tillegg til planen som krev budsjettmidlar, må finne inndekning.

Gjennomføring av årsplanen legg grunnlaget for utforming av årsrapport for 2017.